

tor Volvo samlar i Uskedalen

07.10.2006



Volvo P 1800 ES (Foto: Einar Gjertsen).

Einar Gjertsen har alltid vore interessert i bilar. Særskilt volvoar. Sidan han kunne gå har Volvo vert draumebilen. Einar har kjøpt to volvoar i år, og i sommar kjøpte han Volvo nummer 35. Ein Volvo P 1800 ES.

Volvo P 1800 ES var produsert i Göteborg mellom 1971- 1973. Og vart sendt til USA som promoteringsmodellar for Volvo. I seinare år vart den sendt til Skandinavia. Det er til saman laga 8078 volvoar av same type, så det er ein sjeldan bil. Og Einar sin er truleg den einaste i Kvinnherad.. Med heile 35 volvoar er det nok ingen andre i Uskedalen som kan måle seg med Einar, men det at han begynte å samla på akkurat Volvo er nok tilfeldig, seier han. Motoren er ein B 20 E maskin på 130 hk, med elektronisk innsprøyting, så bilen går godt. Bilen har ein marsjfart på 130 km/t på gode vegar. Den har 5 gir, og er ein såkalla GT bil, med plass til 4 personer. Vi spurte litt forsiktig kva bilen kostar, og han lurte litt på om han ville svare, men sa til oss at han måtte ut med rundt 70.000 kr. Eg lurte veldig på kor han hadde plass til alle disse bilane. Og han fortalte at han har ein garasje på 160 kvadrat. Og leiger plass i kjellaren på samvirkelaget i Uskedalen på ca 200 kvadrat. Lurar på kor mange bilar han endar opp med tilslutt?

Av Karoline Neset